

Voss, 7.februar 2022

## **Søknad om støtte i samband med Kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder 2021 nr 6**

### **Vaksdal kommune – kompensasjonsordning for lokale bedrifter ifm. Covid-19 (nr. 6)**

Tolles AS Org.nr. 923 569 243 driv med transport og maskintenester og starta opp hausten 2019. Selskapet har såleis ikkje hatt eit normalår før dei vart råka av covid-19. Det er difor vanskjeleg å talfeste ut frå rekneskapene omsetnadssvikt ut frå eit normalår. Selskapet har ikkje fått offentleg støtte før da dei ikkje har passa inn i ordningane. Selskapet har hatt ei pressa økonomisk situasjon etter at covid-19 braut ut pga mindre oppdrag, spesielt privatmarkedet. Folk er blitt veldig forsiktige med pengebruk pga frykt for permitteringer og oppsigelser.

I perioder var det forbud for reiseoppdrag på tvers over kommuner og fylker, dette ga stopp i oppdrag med transport og montering av til dømes elbilladere som har vore ein god og viktig inntekt for selskapet. Omsetnaden har difor vore lavere enn kalkulert sammenlignet med tilsvarende drift i gammelt firma (Tollefsen transport & maskin).

Utgifter og utfordringer med gjentatte karantene for de ansatte, som igjen gir tapt omsetning. Gjelder både de som bor lokalt og ansatte som pendler til og fra Polen.

Dei tilsette har alle skolebarn og barnehagebarn som har måtte være hjemme pga ulike situasjoner, karantener og utfordringer som covid gir som igjen gjer at dei tilsette må være hjemme. Dette igjen gir firmaet gjentatte utgifter og tapte inntekter.

Selskapet søker med dette om **230.000,-** i støtte støtte i samband med kommunal kompensasjonsordning runde 6 for Vaksdal kommune for 2021.

Selskapet har ikkje tidlegare fått støtte gjennom dei statlege kompensasjonsordningane for tap som følgje covid-19.

Håpar på positivt svar.

Med vennleg helsing

Jan Erik Tollefsen  
Dagleg leiar